

# Prosjektplan

Hovudprosjekt for fase 3 av masterplanen

## Masterplan for reisemålet Sogn

### Fase 3: frå ord til handling

#### Kort beskrivelse av prosjektet:

Hovedprosjektet for fase 3 *Handlingsprogram* for masterplanen er forankra i SG for masterplanen og forprosjektet «Regionalt reiseliv» i regi av Sogn regionråd.

Handlingsprogrammet skal ta masterplanen og kriteria for berekraftig reisemål for Sogn frå ord til handling. Her vil ein bryte opp delstrategiane i planen, og prioritere kva som skal jobbast med først, av kven og på kva måte.

Handlingsprogrammet tek utgangspunkt i hovudaktivitetane og tiltakspunkta som ligg under kvar delstrategi. Fleire av tiltaksområda er kopla til kriteria for berekraftig reisemål. Programmet vil bli lagt fram for dei aktørane som har ansvar for gjennomføring for godkjenning. Programmet vil då fungere som ei bestilling for handlingsplanar for kvart enkelt tema som skal jobbast med.

Eit slikt regionalt handlingsprogram med fleire deltakarar er ein ny måte å jobbe på. Det vil krevje eit solid og gjennomarbeidd avklaringsarbeid, der roller og ansvar vert tydeleg fordelt, og godt forankra. Dette er ein føresetnad for at reisemålet Sogn skal lukkast med utviklingsarbeidet.

Stad: Sogndal, dato: 12.09.2022

**Prosjektleder:**

Line Bjelde  
Forretningsutviklar  
Sogn Næring

**Prosjektrådgjevar:**

Ståle Brandshaug  
Partner og rådgiver  
2469 Reiselivsutvikling AS

## 1. Bakgrunn og innleiing

Hovudprosjektet for fase 3 *Handlingsprogram* for masterplanen er forankra i styringsgruppa for masterplanen<sup>1</sup> og forprosjektet «Regionalt reiseliv» i regi av Sogn regionråd.

Masterplan for reisemålet Sogn er utarbeidd av Visit Sognefjord på oppdrag av Sogn regionråd frå 2017 - 2021 med finansiering frå Innovasjon Norge, Sogn Regionråd og Visit Sognefjord. Kvalifisering for merke som berekraftig reisemål er gjort samtidig. Sogn regionråd sitt forprosjektet «regionalt reiseliv» sitt mål er knytt mot måla i regionalplanen for 2021-2024 og masterplanen for reisemålet Sognefjorden 2021-2030. Prosjektet har som målsetnad å:

*«Avklare korleis næringsnettverket kan jobba vidare med reiseliv som eit felles-prosjekt. Prosjektet skal avklare korleis rådet bør innrette eit hovudprosjekt. Arbeidsformer og rollefordeling må gjerast tydelege».*

Masterplanen for Sogn er forankra frå vedtak i desember 2021 og vert følt opp av styringsgruppa for planen, der fase 3 «frå ord til handling» med oppstart i 2022 skal utvikle konkrete handlingsprogram og tiltaksplanar som tek masterplanen og kriteria for berekraftig reisemål for Sogn frå ord til handling. Her vil ein bryte opp delstrategiane i planen, og prioritere kva som skal jobbast med først, av kven og på kva måte.

Handlingsprogrammet tek utgangspunkt i hovudaktivitetane og tiltakspunkta som ligg under kvar delstrategi. Fleire av tiltaksområda er kopla til kriteria for berekraftig reisemål. Programmet vil bli lagt fram for dei aktørane som har ansvar for gjennomføring for godkjenning. Programmet vil då fungere som ei bestilling for handlingsplanar for kvart enkelt tema som skal jobbast med. Eit slikt regionalt handlingsprogram med fleire deltakarar er ein ny måte å jobbe på. Det vil krevje eit solid og gjennomarbeidd avklaringsarbeid, der roller og ansvar vert tydeleg fordelt, og godt forankra. Dette er ein føresetnad for at reisemålet Sogn skal lukkast med utviklingsarbeidet.

Masterplanen og handlingsprogrammet er utvikla etter metodikken for reisemålsutvikling i perioden 2017 – 2021 med omfattande dialog-, analyse- og strategiarbeid og er mellom anna knytt til strategiar og føringar i Nasjonal reiselivsstrategi, Temaplan reiseliv i Vestland 2023-2025. Temaplanen har satt seg som eitt av sine delmål å arbeide med «*Ein tydeleg struktur med klart mandat og tilhøyrande finansiering for destinasjonsleiing på reisemålet og tydeleg rollefordeling mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå i reiselivsnæringa*». Dette delmålet kan kome til å legge føringar for korleis ein kan organisere destinasjonsleiinga i Sogn. Det vidare arbeidet med organiseringa i Sogn bør vere merksame på kva verkemiddel og ordningar Fylkeskommunen utviklar her.

---

<sup>1</sup> Styret i Visit Sognefjord utvida med representantar frå verneområda, Sogn regionråd og Innovasjon Norge.

## 2. Utfordringar og ambisjonar

I arbeidet med masterplanen og forprosjektet «Regionalt reiseliv» er det avdekt fleire utfordringar og moglegheitsområde for vidare reiselivsutvikling i Sogn.

For å lukkast med å løyse utfordringane og utløyse potensialet i målområda og ambisjonane må ein etablere eit sterkt lokalt/regionalt kompetansemiljø som kan trekke på- og bidra til dei nasjonalt sterkaste miljøa på dei aktuelle områda, og som kan koordinerer og utfordre kommunane og næringa på satsingar, tiltak og handling. Miljøet må bidra til samskaping på tvers av selskap og organisasjonar lokalt og i regionen og etablere arbeidsformer som gjer at me kan jobbe raskt og smart som reiselivsregion. Kompetansemiljøet må etablere og følgje ein innovasjonskultur som sikrar vilje og evne til kontinuerleg å utvikle seg.

Reiselivssatsinga vil krevje ei vesentleg satsing på utviklingsprosjekt og pilotar dei neste åra med investeringar frå både kommunane, næringa og eksternt finansiering. Visit Sognefjord utfordra i september 2021 eigarkommunane på avklaring av mål og ambisjonar for oppfølginga av masterplanen.

SüdTirol vart nytta som eit eksempel<sup>2</sup> der selskapet IDM (Innovation Development Marketing) har samla «alle» dei lokale og regionale funksjonane i eit samarbeidsorgan (næringssselskap, nærings-hage kunnskapsark, Innovasjon Norge og Visit Sognefjord) for å auke konkurransekrafta og innovasjonsevna i regionen. IDM har eit årleg budsjett på NOK 420 mill. og 220 tilsette. Overført til Sogn vert dette NOK 60 mill. i utviklingsressursar per år ut frå tal tilreisande, og NOK 30 mill. per år ut frå tal innbyggjarar.

Overordna har ein tre valretningar for å løyse utfordringsområda og utløyse potensialet i reiselivsutviklinga:

- 1: *Halde fram som i dag*: lokale løysingar med ulikt nivå per kommune
- 2: *Styrka regional samhandling*: forbetra felles satsing og koordinering
- 3: *Felles regional satsing*: samla styrking av Sogn som bu- og besøksregion

---

<sup>2</sup> Med bakgrunn i studietur i regi av Sogn regionråd, næringssselskapa og kommunane hausten 2017


### 3. Mål og rammer

#### 3.1 Bakgrunn

Masterplan for reisemålet Sogn er utarbeidd av Visit Sognefjord på oppdrag av Sogn regionråd frå 2017 - 2021 med finansiering frå Innovasjon Norge, Sogn Regionråd og Visit Sognefjord, og vart vedtatt av styringsgruppa 8. desember 2021. Sogn regionråd gjennomførte forprosjektet «Regionalt reiseliv» i 2022 for avklaring av framdrifta for fase 3 Handlingsprogram i planen. Dette hovudprosjektet er direkte oppfølging av forprosjektet.

Masterplanen er utarbeida for å sette strategisk retning for området Visit Sognefjord opererer i, det geografiske området inkluderer dei 7 kommunane i Sogn; Luster, Sogndal, Vik, Aurland, Lærdal, Årdal og Høyanger. I eit destinasjonssyklisk\* perspektiv er det stor variasjon mellom kommunane, denne variasjonen påverkar korleis kommunane arbeida med utviklinga av kommunen som destinasjon. Med masterplan som eit felles grunnlag for Sognefjorden som destinasjon vert det lagt opp til at kvar kommune arbeida med destinasjonsutvikling på same måte og med same målsetnadar. Dette byr på nokre utfordringar i forhold til finansiering av arbeidet, kva for område i masterplanen som vert oppfatta som mest presserande og korleis ein skal organisere arbeidet for å nå dei ynskja resultatane, samt ei strategisk plan for kva område det er naturleg at det vert samarbeida om og kva område det er naturleg at kommunane arbeida sjølvstendig med.

I destinasjon 3.0-prosjektet i Nord-Norge<sup>3</sup> er strategiane og tiltaksområda for reisemålsutviklinga delt inn i fire kommunekategoriar ut frå om reiselivsnæringa har høg eller låg betydning for økonomien, påverknaden på lokalsamfunna og miljøet:



<sup>3</sup> Destinasjonsforum Nord sitt utviklingsprosjekt «Destinasjon 3.0 – fremtidens destinasjonsselskap» finansiert av Innovasjon Norge

Dei fire kommunekategoriene har ulik strategisk tilnærming til reiselivsutviklinga:

- **A:** *Identifisere og utvikle potensialet for verdiskapingsvekst og langsiktig, berekraftig reiselivsutvikling*
- **B:** *Førebygge framtidig negativ påverknad frå tilreisande og auke lønsemda frå eksisterande og nye målgrupper*
- **C:** *Redusere negativ påverknad frå tilreisande og auke lønsemda frå eksisterande og nye målgrupper*
- **D:** *Identifisere og utvikle potensialet for nærings- og verdiskapingsvekst og redusere negative påverknad frå tilreisande*

Den strategiske tilnærminga må tilpassast gjennom hovudprosjektet, og mål, delstrategiar og prioritering av tiltak for kvar kommune må konkretiserast.

### 3.2 Forprosjekt reiseliv

I forprosjektet for reiseliv er no-situasjonen og behova i kommunane kartlagt, med forslag til tiltak, organisering og finansiering og tilråding om mogleg vidareføring av kommunane sitt reiselivsarbeid i eit hovudprosjekt<sup>4</sup>. Forprosjektet skal svare på korleis Sogne-kommunane kan velje å ta arbeidet vidare. Dette vert illustrert gjennom 4 scenario<sup>5</sup>. Scenarioa er laga for å diskutere korleis reiselivsutviklinga i Sognefjorden best kan løysast for å kome i gang med handlingsplanen til masterplan for reiselivet.


Hovudprosjektet legg til grunn scenarioet «*Ei samla og berekraftig reiselivssatsing i Sogn*» som anbefalt løysingsforslag. Dersom kommunane ikkje vel å gå for den løysinga, vil hovudprosjektet justerast jamfør scenarioet kommunane vel å gå for.

Dei fire scenarioa for kommunane si oppfølging av masterplanen og handlingsprogramma i fase 3 er utvikla ut frå undersøkingar i kommunane, kartlegging av no-situasjonen, innhaldet i masterplanen og trendar og utviklingstrekk. Kommunane sin evne og vilje til ressursbruk og samhandling vil påverke operasjonaliseringa av handlingsplanen. Difor er scenarioa utforma med utgangspunkt i to hovudaksar - *grad av prioritet* i kommunane og *grad av vilje til samarbeid* på tvers av kommunane:

---

<sup>4</sup> Sjå rapport frå forprosjektet «Regionalt reiseliv»

<sup>5</sup> Sjå omtale av dei fire scenarioa som del av rapporten frå forprosjektet.



### 3.3 Effektmål

Effektmåla i hovudprosjektet for gjennomføring av fase 3 Handlingsprogram i masterplanen er knytt til dei overordna måla for masterplanen:

**VERDISKAPING:** *Sysselsettinga og verdiskapinga i reiselivet aukar med minst 5% i året i perioden, og reiselivet er av dei fem viktigaste næringane i alle fjordbygdene i Sogn mål i sysselsetting og omsetning.*

**BESØKSFORVALTNING:** *Det er etablert definerte tolegrenser for besøk og system for besøksforvaltning og trafikkstyring for heile regionen.*

**MILJØ:** *Sogn er best i verda på lokalsamfunns- og naturbasert reiseliv. Klimautsleppa frå reiselivet i Sogn skal reduserast med 50% innan 2030.*

**DIGITALISERING:** *Reisemålet Sogn er fremst i verda på å bruke digitale løysingar og ny og nyttig teknologi*

**KVALITET:** *Det er utvikla forpliktande kvalitetsprogram for alle ledd i reiselivet*

**OMSETNING:** *Den svakaste månaden skal vere minst 50% av den sterkaste månaden målt i tal besøkande og omsetnad, og forbruket per gjest skal auke med minst 25% innan 2030.*

### 3.4 Resultatmål for hovudprosjektet

Resultatmåla for dette er hovudprosjektet er knytt til føresetnadene i masterplanen om behovet for utarbeiding av konkrete tiltaksplanar, der dei involverte aktørane (kommunane, næringa og andre interessentar) forpliktar seg gjennom partnerskapsavtalar. Sogn Regionråd og Visit Sognefjord har eit særleg ansvar for å sikre at planen vert gjennomført, og at arbeidet har tilstrekkeleg kjennskap, prioritet og ressursar i kommunane, næringa og hjå samarbeidspartnarar. Oppfølginga av masterplanen og handlingsprogrammet må organiserast og koordinerast mot kommunane, nærings- og samfunnsplanane, nærings-selskapa, relevante lokal og regionale prosjekt, næringa og regionane i- og utanfor Sogn.

Resultatmålet for hovudprosjektet er å etablere eit sterkt lokalt/regionalt kompetansemiljø som kan trekke på- og bidra til dei nasjonalt sterkaste miljøa på dei aktuelle områda, og som kan koordinerer og utfordre kommunane og næringa på satsingar, tiltak og handling. Miljøet skal bidra til samskaping på tvers av selskap og organisasjonar lokalt og i regionen og etablere arbeidsformer som gjer at me kan jobbe raskt og smart som reiselivsregion.

## 4. Rammer og avgrensingar

### 4.1 Hovudprosjekt for handlingsprogrammet

Med bakgrunn i forprosjektet anbefaler hovudprosjektet ei samla styrka satsing på reiseliv i Sogn med ut frå scenarioet «*Ei samla og berekraftig reiselivssatsing i Sogn*» med høg vilje til samarbeid og høg prioritet av reiselivssatsinga som sentral del av anna utviklingsarbeid og auka tilgang til ressursar for å følgje opp ambisjonsnivået og strategiane i masterplanen.

Ei felles, styrka regional satsing på reiseliv krev auka grad av koordinering, samhandling og ressursbruk. Dette kan løysast ved etablering av eit hovudprosjekt som skal eigen-finansierast innan tre år, eller ved endring av oppdragsavtalane med Visit Sognefjord med omtale av tenesteleveransane knytt til management-rolla og tilhøyrande auing av bidraga frå kommunane. Denne hovudprosjektplanen er laga ut frå løysinga med etablering av eit hovudprosjekt tilsvarande modellen frå Bodø (sjå vedlegg).

Hovudprosjektet er føreslege avgrensa til tre år frå 01.01.2023 – 31.12.2025 som opp-startsperiode for «frå ord til handling»-fasen i masterplanen (fase 3 Handlingsprogram), med intensjon om sjølvfinansiert vidareføring i regi av Visit Sognefjord i samarbeid med kommunane, nærings-selskapa og næringa etter år tre.

Prosjektet krev ressursar til ei 100% prosjektstilling i perioden (prosjektleiar, PL), i tillegg til deltaking og eigeninnsats og investeringar i konkrete tiltak i oppfølginga av masterplanen frå kommunane, næringa, næringssekskapa og Visit Sognefjord. Hovudprosjektet omfattar kostnader knytt til implementering og oppfølging av tiltaksområda i masterplanen og kriteria i merkinga som berekraftig reisemål, inklusiv aktørkontakt og avtaleutvikling, konkretisering og prioritering av regionale og lokale tiltak og aktuelle prosjektetableringar. Kostnader knytt til gjennomføring av sjølvne tiltaka og prosjekta er ikkje inkludert i budsjettet for hovudprosjektet, og må utviklast som ein del av hovudprosjektet.

Prosjektstillinga vil ha følgjande overordna ansvar og arbeidsoppgåver i tett samhandling med styringsgruppa for masterplanen, kommunane, næringssekskapa, næringa og Visit Sognefjord:

- **Struktur:** bidra til etablere og administrere strukturane, møtepunkta og kommunikasjons-flyten for destinasjonsleiinga i Sogn (ref. kap 2.3)
- **Handling:** koordinere prosessar for prioritering og iverksetting av tiltak i handlingsprogrammet for masterplanen med kopling til kommunale planar og eksisterande og nye prosjekt
- **Berekraft:** initiere og følgje opp prosessar og tiltak knytt til kriteria og indikatorane i merke som berekraftig reisemål

Kompetanseprofilen for prosjektet og prosjektstillinga må utarbeidast i oppstarten av hovudprosjektet, og vil rette seg mot kompetanseområde som til dømes prosjektleiing, reiselivskunnskap, samarbeid og kommunikasjon, planarbeid og planprosessar, næringsutvikling og -næringspolitikk, innovasjon og nytenking, produkt- og konseptutvikling, infrastrukturutvikling, digitalisering og teknologi.

Delmål og delstrategiar for tiltaksområda og delaktivitetane skal etablerast i oppstarten av prosjektet. I den innleiande prosjektfasen skal forankring, involvering, kartlegging og prioritering av lokale og regionale tiltak og prosjekt avklarast:

- I oppstarten skal det sikras at prosjektet er koplå på relevante planer, prosjekt og tiltak og leveransane skal forankrast i kommunane, næringa og basisorganisasjonane.
- Leveransane, delmål, resultatmåling, nøkkelaktørar/-personar, prosessar, tidsstyring og framdrift og identifisering av risikofaktorar skal vurderast og konkretiserast
- Rapporteringsform og kommunikasjonsplan skal avklarast
- Prosessen, prinsippa og avtalestrukturane for prosjektarbeidet skal uttrykkjast
- Kompetansebehov og rutiner for kompetanseoverføring skal konkretiserast
- Prosessplan og sentrale møteplasser for År 1 - 3 skal avklarast



## 4.2 Hovudaktivitetar i hovudprosjektet

Det er føreslege følgjande hovudaktivitetar i hovudprosjektet for oppfølging av handlingsprogrammet i masterplanen:

### **HA1: Kartlegging og prioritering – regionale og lokale tiltak og prosessar**

I HA1 skal ein med bakgrunn i handlingsprogrammet frå masterplanen, forprosjektet «Regionalt reiseliv», eksisterande satsingar og behova i kommunane og næringa identifisere og prioritere kva tiltak, prosjekt og prosessar som skal prioriterast i år 1 – 3 i hovudprosjektet. Dette omfattar konkretisering av tiltak, involvering av aktørar, utarbeiding av finansierings- og prosjektplanar, prosessplanlegging og nødvendig koordinerings- og pådrivararbeid for igangsetting og oppfølging av tiltak og ressurstilgong. I tillegg skal intern kommunikasjon og samhandling, koordinering mot planar og prosjekt og plan for innhenting, bruk og deling av kunnskap avklarast. Kartlegginga og prioriteringa omfattar prosjekt, utvikling og kommunikasjonstiltak for tilreisande, etableringar, tilflytting og bulyst for å styrke Sogn som reisemål og felles bu- og arbeidsregionen.

### **HA2 og HA6: Merking og re-merking som berekraftig reisemål**

Masterplanen for Sogn er utvikla etter Innovasjon Norge (IN) sin standard for berekraftig reisemål, og er i gong med sertifiseringsarbeidet. Merke som berekraftig reisemål etter IN si merkeordning omfattar prosess for kvalifisering finansiert av IN og re-merking kvart 3. år som krev lokal finansiering i kommunane/på reisemålet med følgjande aktivitet:

1. Kartlegging og rapportering på 31 kriterier og 83 indikatorer for reisemålet/kommunen
2. Utarbeiding av strategiar og tiltaksplanar med oppfølging til neste re-merking
3. Re-merking, rapportering og revidering av strategiar og tiltaksplanar

Sertifiseringa og re-merkinga krev ei etablert destinasjonsleiing med brei involvering og eigarskap i kommunane og næringa. Oppfølginga av berekraftmerkinga i Sogn kan estimerast til rundt 0,5 årsverk<sup>6</sup>. Tiltaksområda innafor kriterier og indikatorane er i stor grad samfallande med tiltaksområda i masterplanen for Sogn, og er lagt inn under forslag til hovudaktivitetane (HA-ane) i masterplanen sin del 2 «Strategiske innsatsområde» som er utgangspunktet for del 3 «Handlingsprogram».

---

<sup>6</sup> Destination Lofoten reknar 0,6 årsverk for 6 kommunar, og Bodø legg opp til 100% stilling finansiert av kommunane på reisemålet for oppfølging av berekraftmerkinga og masterplanen frå 2023.

### **HA3 – HA5: Iverksetting og evaluering av prioriterte tiltak – del 1, del 2 og del 3**

I HA3 – HA5 skal prioriterte tiltak, prosjekt og prosessar frå HA1 og HA2 iverksettast, koordinerast og følgjast opp. Dette omfattar både bidrag knytt til lokale satsingar – for eksempel aktivitets- tilrettelegging for cruise - og semi-regionale prosjekt - for eksempel reiserute- og næringsutvikling mellom 2-3 kommunar – og regionale prosjekt knytt til felles mål og strategiar i masterplanen. Tiltaksområda er kopla til alt frå reisemåls- og stadutvikling, infrastruktur og samferdsel til nærings- og produktutvikling.


#### *4.3 Prosjektorganisering*

Når det gjeld den praktiske organiseringa vidare bør det etablerast eit felles kontaktpunkta for koordinering og kompetanse mellom kommunane, planprosessane, næringssselskapa, aktørane og prosjekta. Vidare bør koplingane mot planprosessane i kommunane og aktuelle prosjekt formaliserast og følgjast opp strukturert via koordineringsleddet. Her må både ordførarane, kommunalsjefane, næringsssjefane, ansvarlege for samfunn og kultur i kommunane, næringssselskapa og kommuneplanleggjarane koplast på i en struktur for destinasjonsleiing i Sogn. Verneforvaltninga må koplast til strukturen.

Sogn regionråd er prosjekteigar og prosjektansvarleg (PA). Styringsgruppa for masterplanen (SG) er styret i Visit Sognefjord utvida med ein representant for verneområda, ein frå Sogn regionråd og ein observatør frå Innovasjon Norge. SG skal tene som styringsgruppe også for fase 3 *Handlingsprogram* i masterplanarbeidet, og det skal etablerast ressurs- og arbeidsgrupper med representantar frå kommunane, næringssselskapa og næringa etter behov for å sikre brei forankring og deltaking frå aktørane i reiselivet. Prosjektgruppa for hovudprosjektet (PG) er sett saman av representantar frå Visit Sognefjord, Sogn næring, Visit Årdal/årdal Utvikling, Sognefjord Næringshage og Høyanger Næringsutvikling.

Vidare er dei etablerte bransjegruppene for Sogn og ressursgruppene per kommune knytt til reiselivsnæringa via Visit Sognefjord, i tillegg til relevante regionar og aktørar utanfor Sogn - som t.d. Voss, Bergen, Nordfjord, Valdres og Fjord Tours Group – FoU og fagmiljø som t.d. HVL og Vestlandsforskning, Vestland fylkeskommune, Innovasjon Norge, SIVA og andre aktuelle verkemiddelaktørar knytt til prosjektorganiseringa.

Organiseringa vert omtala som «destinasjonsleiing» og kan illustrerast slik:



Bransje- og ressursgruppene med representantar frå næringa og kommunane knytt Visit Sognefjord er etablert, men må reviderast og revitaliserast som del av prosjektarbeidet i samarbeid med kommunane og næringsnettverket. Nokre aktuelle prosjekt som må knytast til hovudprosjektet mellom anna GNIST, Destinasjon Grønt Flåm, besøksforvaltningsarbeidet i- og rundt nasjonal- og verneområda og fleire prosjekt gjennom Nærøyfjorden Verdsarv-park.

## 5. Prosjektoppfølgging

### 5.1 Beslutningspunkt

Prioritering av regionale tiltak og prosjektetableringar skal leggest fram og vedtakast i SG. Lokale og semi-regionale tiltak og prosjekt i ein eller fleire kommunar skal vedtakast av kommunane/næringssselskapa og dei involverte, og PG skal haldast orientert om tiltaka.

### 5.2 Statusrapportering

PG skal legge fram status for SG minst to gonger i året, og arbeidet med fase 3 *Handlingsprogram* og framdrifta i hovudprosjektet skal evaluerast og eventuelt justerast ved årsslutt kvart år i prosjektperioden. I tillegg skal PL saman med PG halde seg oppdatert på alle lokale og semi-regionale tiltak og prosjekt, og rapportere status til SG.

### 5.3 Milepælar

Tidsplan for gjennomføring av HA-ane i hovudprosjektet. Deloppgåver, tiltak, prosjekt og prosessar må avklarast og konkretiserast løpande i prosjektperioden. Milepælane og framdrifta vert juster ut frå tidspunktet for prosjektoppstarten.

Nr	Dato	Tilstand
01	Q1 2023	Kartlegge og konkretisere regionale og lokale tiltak og prosjekt
02	Q2 2023	Prioritere regionale og lokale tiltak og prosjekt
03	Q1 2023	Tildeling av merke som berekraftig reisemål
04	Q2 – Q4 2023	Iverksetting av prioriterte tiltak og prosjekt del 1 – 2023
05	Q1 – Q4 2024	Iverksetting av prioriterte tiltak og prosjekt del 2 – 2024
06	Q1 – Q4 2025	Iverksetting av prioriterte tiltak og prosjekt del 3 – 2025
07	Q3 – Q4 2025	Evaluering og avklaring av vidareføring frå 2026
08	Q4 2025 – Q4 2026	Re-merking som berekraftig reisemål

## 6. Målgrupper, interessentar og kommunikasjonsstrategi

Som del av hovudprosjektet kan SG, PG og PL gjere ein meir omfattande interessentanalyse og vurdere aktuelle tiltak knytt til utfordringar og moglegheiter mot aktuelle interessentar og mål-grupper. Utvikling av kommunikasjonsstrategi er ein del av hovudoppgåvene til PL som del av hovudprosjektet.

### 6.1 Interessentar/målgrupper

Førebels interessentoversikt over hovudaktørane i prosjektet:

Aktør	Aktørens interesse av prosjektet	Grad av påvirkning på prosjektet	Prosjekttiltak/aktiviteter
Kommunane	Stor	Stor	Planlegging, finansiering og oppfølging av prioriterte lokale og regional utviklings- og reiselivsprosjekt
Reiselivsnæringa	Stor	Stor/middels	Deltaking og bidrag i prioriterte prosjekt og satsingar, i tillegg til utvikling av eigen bedrift og nettverk
Næringssekskapa	Stor/middels	Stor	Planlegging, koordinering og gjennomføring som del av prosjektgruppa
Visit Sognefjord	Stor	Stor	Planlegging, koordinering og gjennomføring som del av prosjektgruppa med ansvar for oppfølging av prosjektleiar

## 6.2 Kommunikasjonsstrategi

PL utformar dette i samråd med PG og SG som del av arbeidsoppgåvene i år 1.

Aktør	Mål	Bodskap	Kommunikasjonsform	Ansvarleg

## 7. Risikovurdering

Vurdering av nokre sentrale risikofaktorar i prosjektet<sup>7</sup>:

Risikofaktor	S	K	RV	Tiltak
Samarbeidsvilje og evne	2	5	10	Etablere destinasjonsleiing med struktur for samhandling og medverknad Følgje opp politiske vedtak om masterplan, berekraftsertifisering og Sogn regionråd sin reiselivssatsing
Prioritering av reiselivsutviklinga	2	5	10	Måle, kartlegge og synleggjere verknadene av reiselivet i lokalsamfunna og næringa Følgje opp politiske vedtak om masterplan, berekraftsertifisering og Sogn regionråd sin reiselivssatsing
Finansiering	3	5	15	Sette av ressursar til utvikling og prosjekt i kommunane Søke om prosjekt og prosjektmidlar
Kompetanse	3	5	15	Profesjonell rekruttering og konkurransedyktig lønning til prosjektleiar Gode arbeidsvilkår og samhandlingsarenaer
Tid	3	5	15	Prioritering og stegvis tidsstyring av oppgåver Samhandling med næringssekskapa, kommunane, næringa og Visit Sognefjord

Det er først og fremst viktig at kommunane føl opp politiske vedtak om masterplan, berekraftsertifisering og Sogn regionråd sin reiselivssatsing, og at det vert sett av ressursar til prioriterte lokal og regionale utviklingstiltak og prosjekt i kommunane. Vidare er det avgjerande at ein legg opp til aktiv søking etter aktuelle prosjekt og ekstern prosjektfinansiering. I arbeidet må det leggjast opp til strukturert samhandling mellom næringssekskapa, kommunane, næringa og Visit Sognefjord, og at ein er tydleg på prioriteringar og stegvis tidsstyring av dei prioriterte oppgåvene. I oppfølgings- og kommunikasjonsarbeidet må det vektleggjast resultatmåling, kartlegging og synleggjering av verknadene frå reiselivssatsinga i lokalsamfunna og næringa.

<sup>7</sup> Skala 1-5 med 1 som legst verdi og 5 som høgst og utrekning av risikoverdien (RV).

## 8. Gjennomføring

Prosjektplan med detaljering av delaktiviteter, ressursbruk og framdrift skal utviklast i oppstarten av hovudprosjektet.

### 8.1 Hovudaktivitetar

Hensikt, deloppgåver og resultat knytt til hovudaktivitetane (sjå kap.

Hovedaktivitet	Hensikt	Viktige deloppgaver	Resultat
<b>HA1: Kartlegging og prioritering – regionale og lokale tiltak og prosessar</b>	Identifisere og prioritere tiltak lokalt og regionalt	Kartlegge og prioritere tiltak Involvere og koordinere aktørane Kopling til planar og prosjekt Utarbeiding av finansierings- og prosjektplanar Prosessplanlegging Kunnskapsinnhenting/deling Kommunikasjonsplan	Etablering og gjennomføring av tiltak, prosjekt og prosessar for å løyse utfordringane, nå måla og ambisjonane i masterplanen Sikre tilstrekkeleg ressurstilgong og kompetanse for gjennomføring
<b>HA2: Merking som berekraftig reisemål</b>	Kartlegge og rapportere på kriteria og indikatorane	Kartlegging og rapportering på 31 kriteria og 83 indikatorar for reisemålet/ kommunane  Utarbeiding av strategiar og tiltaksplanar med oppfølging til neste re-merking  Re-merking, rapportering og revidering av strategiar og tiltaksplanar	Utvikle kommunane, næringa og reisemålet i tråd med berekraftmåla i masterplanen
<b>HA3 – HA5: Iverksetting del 1, 2 og 3</b>	Stegvis iverksetting og tidsstyring av prioriterte tiltak og prosjekt	Prosess- og planstyring Prosjektutvikling og- styring Koordinering, påverknad og kommunikasjon Måling og rapportering Evaluering og vidareføring	Etablering og gjennomføring av tiltak, prosjekt og prosessar for å løyse utfordringane, nå måla og ambisjonane i masterplanen
<b>HA6: Re-merking som berekraftig reisemål</b>	Følgje opp prosessar og rapportering for tiltaka knytt til kriteria og indikatorane kvart 3. år	Kartlegging og rapportering på 31 kriteria og 83 indikatorar for reisemålet/ kommunane  Utarbeiding av strategiar og tiltaksplanar med oppfølging til neste re-merking  Re-merking, rapportering og revidering av strategiar og tiltaksplanar	Utvikle kommunane, næringa og reisemålet i tråd med berekraftmåla i masterplanen

## 8.2 Tids- og ressursplanar

Statusmøte, styringsgruppemøte, milepælar og beslutningspunkt vert laga i hovudprosjektet.

Hovud- aktivitetar	Tidsplan (2023 - 2025)												ress. bruk				
	2023	2023	2023	2023	2023	2023	2024	2024	2024	2024	2024	2024		2025	2025	2025	2025
HA1																	
Kartlegging og prioritering																	
HA2																	
Berekraftig reisemål																	
HA3																	
Iverksetting del 1																	
HA4																	
Iverksetting del 2																	
HA5																	
Iverksetting del 3																	
HA6																	
Re-merking berekraft																	
<b>Sum timeverk:</b>																	
Statusmøter																	
Styringsgr.møter																	
Milepælar																	
Beslutningspunkt																	

## 9. Økonomi

Prosjektleiar (PL) i 100% stilling for periode 01.01.2023 – 31.12.2025 er hovudkostnaden for prosjektet. Kostnaden er sett til NOK 750.000 per år inkl. administrasjons- og reisekostnader, totalt NOK 2.250.000 i prosjektperioden. Prosjektstillinga skal bli sjølvfinansiert frå prosjektinntekter og prosjektleiing innan 3 år, seinast frå 01.01.2026. Det bør settast av midlar ut over dette til rekruttering av prosjektleiar i starten av prosjektet.

Kostnader		Finansiering	
Kostnadsart/Kostn pr hovudaktivitet	Beløp	Finansieringstype og kilde	Beløp
Prosjektleiar/koordinator	650000	Sogn regionråd	275000
Driftskostnader	50000	Kommunane	375000
Reisekostnader	50000	Visit Sognefjord*	100000
<b>Sum</b>	<b>750000</b>	<b>Sum</b>	<b>750000</b>

\*Visit Sognefjord tek i tillegg arbeidsgivaransvar og ansvar for kontorstad, koordinering, opplæring og oppfølging.

## 10. Kontraktar og avtalar

SG, PG og PL lager avtalar som del av hovudprosjektet.

### **Vedlegg:**

Bodø kommune sin satsing på bærekraftig reisemålsutvikling fra høsten 2022.



## **Vedlegg: Bodø kommune sin satsing på bærekraftig reisemålsutvikling fra høsten 2022.**

**Bodø kommune har tatt initiativ til en ekstraordinær satsing på bærekraftig reisemålsutvikling i Bodø fra og med høsten 2022. Dette skal skje gjennom et partnerskap mellom destinasjonsselskapet Visit Bodø og Bodø kommune. Prosjektet skal gå over tre år, med oppstart 01.09.2022.**

Det er inngått et samarbeid om destinasjonssamarbeid i Salten gjennom en overliggende rammeavtale, 2018 – 2020 (2022), mellom Visit Bodø og kommunene i Salten, som sammen med inngåtte avtaler med den enkelte Saltenkommune definerer leveransen. Følgende tre hovedkategorier tjenester er inkludert i grunnpakken til kommunene:

1. Destinasjonsmarkedsføring
2. Nettverk
3. Kompetanse

**Dette prosjektet kommer i tillegg til inngått avtale om kjøp av tjenester gjennom kommuneavtalen.**

I tillegg til føringer knyttet opp mot bærekraftig reisemålsutvikling i Bodø sin reviderte masterplan, så vil det også ligge betydelige forpliktelser om bærekraft i utviklingen framover når det høsten 2022 avgjøres om Bodø har kvalifisert seg for Merket for Bærekraftig reisemål, en ordning som forvaltes av Innovasjon Norge.

**Dette prosjektet skal kobles tett opp mot oppfølging av revidert masterplan for Bodø og remerking av Bodø som bærekraftig reisemål.**

Satsingen vil organiseres som et utviklingsprosjekt over tre år (2023 – 2025). Formålet er at det skal bidra til økt lokal verdiskaping, sysselsetting og bolyst i Bodø gjennom bærekraftig utvikling, innovasjon og innsikt spesielt knyttet til kulturbasert reiseliv og arrangementsbyen Bodø samt flere arbeidsplasser, økt kompetanse, samarbeid og internasjonalisering.

**Hovedmål og delmål defineres i løpet av prosjektets første fase. Denne første fasen skal forankre, involvere, spesifisere og planlegge hvordan selve hovedprosjektet skal realiseres.**

- Denne første fasen skal sikre at prosjektet er koblet på relevante utviklingsplaner og styringsdokumenter.
- Prosjektets oppgaver og leveranser skal forankres godt i basisorganisasjonene.
- Selve leveransen, mål, resultat, nøkkelaktører/-personer, prosess og forankring, tid og framdrift og hvilke risikofaktorer som er til stede skal vurderes og konkretiseres.
- Det skal også defineres ønsket rapporteringsform og -hyppighet.
- Prosessen og prinsippene for prosjektarbeidet skal beskrives.
- Kommunikasjonsplan skal utvikles i tillegg til at kompetansebehov og -overføring skal defineres.
- Prosess og sentrale møteplasser for År 1 skal beskrives.

### **Hovedaktiviteter (HA):**

- HA1 Destinasjonsledelse
- HA2 Remerking bærekraftig reisemål og oppfølging revidert masterplan Bodø
- HA3 Bærekraftig reisemål i praksis
- HA4 Arrangementsbyen Bodø
- HA5 Kommunikasjon og samhandling
- HA6 Innsikt og kompetanse

Hovedaktiviteter med underaktiviteter og mål skal defineres i første fase i prosjektet.